



Kvartetten ÆRE står fram på sin fyrste julekonsert. F.v: Eva Megyesi, Svein Rimestad, Kristian Bringedal og Aslaug Hellesøy.

Det som før har vore ein breiddekonsert med kor og korps vart til to konsertar i eit nytt format. Det var slik det måtte bli i år i ei koronatid med restriksjonar. Frammøte kunne vore betre, men trass alt må ein vera nøgde med 30 gjester på kvar av konsertane. Innslaga var varierte, alt frå Maria Malmsten solo og GLIMRAH med renessansemusikk til Rustne Menn med Kongens skilling, i norsk omsetjing av Svein Rimestad.

Konsertane opna med markering av 3. sundag i advent, orgelresitasjon og ljostenning. Advent var også tema i Aslaug Hellesøy si helsing om Jesu kome, undring og den trufaste Gud.

I ei tid då Skulemusikken ikkje kunne delta som korps, møtte Ingvild Tvilde og Ebba Hermann Fossli i ei gruppe og Hanna Tvilde og Camilla M. Ripel i ei anna. Dei spelte mellom anna Mitt hjerte alltid vanker i duett på kornett. Framifrå utført.



GLIMRAH er eit vokalensemblet med sin musikalske leiar Maria Malmsten (Arkivfoto).

Ei syskengruppe, Anna, Paul og Lisa Emmerhoff-Ulick, frå Halsnøy på piano, med Eva Megyesi som læraren deira, spelte kvart sine stykke. Tre sysken med tre framføringar med vanskegrad utfrå alder. Prima framført.



Hanna Tvilde og Camilla M. Ripel i kornettduett.

Maria Malmsten sin klokkeklare solo er ein nytelse. Utan komp framførte ho mellom anna Sankt Staffan han rider sine hâstar i vann. GLIMRAH er alltid like trygt og solid, i kveld fraktisk med Sylvi Hjelmeland som 'stand in' på ei av stemmene. Ikkje verst å hoppa inn på eit heller krevjande repetoar.

Mens GLIMRAH var hovudinnslaget på konsert nr. 1, fekk den nye kvartetten ÆRE den same rolla på konsert nr.

2. Kwartetten song tradisjonelle julesongar, men også Trygve Bjerkheim sin tekst Det strøymer ei livselv av lukka og Hovland: Det finnes en dyrebar rose. Den kjende Amazing Grace i Bjerkheim sin norske tekst Å nåde underfull og stor gjer seg alltid godt.

Kantoren overraskar ofte på orgelet, mellom anna med sine jazzprega tonar, denne gongen med julemusikk.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Thor Inge Døssland/ Liv S. Eik



Rustne Menn er eit nytt og friskt innslag på ein julekonsert.